



Gamalnorsk *mǫð f. ‘slåtteeng’ i norske stadnamn

Samuele Mascetti

*Danish and Swedish mad(e) m. ‘flood-meadow’ (cognate of e.g., German Matte and English meadow) presupposes PN *madu and ON *mǫð f., but such a common noun is unattested. Nonetheless, a few Norwegian oeconyms are interpreted as developments of *mǫð f. in Norske Gaardnavne. An in-depth analysis of their toponymic environments shows that they probably originated as names of hayfields in relation to earlier settlements. Therefore, we can assume that *mǫð f. was one of the many ON words for grassland (cf. engjar f. pl., vin f., ló f./n., fit f., etc.). The eventual disappearance of *mǫð could be due to competition from more common synonyms as engjar f. pl. and ey f. ‘meadow next to a body of water’. The hypothetical derivative *mæði n. is also discussed, but while formally possible, its existence is improbable due to a dubious empirical background and overall lack of corresponding formations outside of West Norse.*

1 Innleiing og tidlegare forskning

Det gamalnorske appellativet *mǫð f. ‘eng’ er ubelagt, men i *Norske Gaardnavne* (NG) er eit lite knippe busetnadsnamn tolka ut frå det. Albert Kjær la det til grunn for gardsnamna *Majer* på Toten og i Grenland og *Maberg* i Vest-Agder (NG 4: 82; NG 7: 159; NG 9: 200), i tillegg til stølsnamnet *Modvo* og det forsvunne gardsnamnet *Moduar* i Sogn (NG 12: 26). Karl Rygh gjorde det same for gardsnamna *Maude* på Sunnmøre og *Maum* i Orkdalen (NG 13: 97; NG 14: 159). Dette er eit interessant tilfelle i språkhistorisk forstand, sidan *mǫð f. ser ut til å ha forsvunne i vestnordisk, medan den tilsvarande austnordiske forma *map* f. er godt belagt og overlevert i svensk *mad* m. og dansk *made* m. ‘våtlendt eng’.

Utanom vurderingane i NG har appellativet **mǫð* f. note lita merksemd i forskinga. Ola Stemshaug forklarte førelekken i det trøndske gardsnamnet *Mausund* ut frå «[...] **mað* f, uomlydd form av gno. **mǫð* ‘våt eng’» (NSL: 308). Kjell Venås (2002: 267, 270) knytte dei grenlandske innsjønamna *Majer* og *Meitjenn* til den yngre fleirtalsforma **maðir*, slik som Albert Kjær fyrst føreslo for gardsnamna *Maberg* og *Majer*. Kåre Hoel og Tom Schmidt (2017: 83–84) sette namnet til bruket *Ma* i Halden i samband med svensk *mad*. Stian Hårstad og Ivar Berg (2021: 111–112) diskuterte gardsnamnet *Maum* frå Orkdalen og sa seg samde i tolkinga til Karl Rygh ut frå dativforma **mǫðum*. Denne artikkelen er difor ein heilskapleg analyse av alle dei norske stadnamna som inneheld **mǫð* f., både usamansett og som førelekk. Målet med dette er tvidelt: Å påvise at dei norske namna faktisk speglar **mǫð* f., og å gå i djupna på produktiviteten og den semantiske utviklinga til denne forma i vestnordisk.

Utgangspunktet for arbeidet er dei etymologiske tilhøva som kan observerast hjå austnordisk *mad(e)*. Metoden er kvalitativ analyse av bruks- og utbreiingsmønstera til dei norske namna og namnemiljøa kring dei, med eit særskilt fokus på tilhøvet mellom dei aktuelle stadene og opphavsgardane i nærmiljøet. Primærmaterialet i artikkelen er sett saman av åtte busetnadsnamn og to mindre innsjønamn. Opplysingane om busetnadsnamna er henta frå NG, medan opplysingane om innsjønamna og andre smånamn nemnde i artikkelen er henta frå det digitaliserte stadnamnarkivet til Universitetet i Bergen (UiB), som inneheld materiale frå dei gamle kortarkiva Heradsregisteret, Bustadnamnregisteret og Seternamnarkivet. I tillegg fungerte opplysingar frå Sentralt stadnamnregister (SSR) hjå Kartverket som kontrollkjelde.

I del 2 forklarar eg den etymologiske bakgrunnen for vestnordisk **mǫð* f. og andre nærskyldte former. I del 3 granskar eg namnemiljøa for dei aktuelle norske busetnadsnamna, samstundes som eg legg fram nokre førebelse hypotesar om bruksområdet til **mǫð* i stadnamn. I del 4 drøftar eg fonologiske og morfologiske sider ved **mǫð* på grunnlag av resultatane frå analysen av namnemiljøa, medan i del 5 drøftar eg den samla semantiske utviklinga til vestnordisk **mǫð* og austnordisk *map*. Dessutan diskuterer eg den hypotetiske avleiinga **mæði* n. (sjå NG 12: 116–117) i del 6. Hovudfunna frå arbeidet er samanfatta i del 7.

2 Etymologisk utgangspunkt

Dansk *made* m. (< gda. *math*, fyrst belagt i ein versjon av *Skånske lov* frå ca. 1250, sjå GDO) tyder «højere ell. lavere liggende græsbund (ved aa, strand, kær osv.); eng» (ODS). Svensk *mad* m., eldre f. (< gvs. *maþ* f., fyrst belagt i eit diplom frå 1279, sjå Söderwall 1900: 1) tyder «lågt liggande, gräsbevuxen mark; särsk. om mark som ligger längs ett vattendrag l. en sjö o. tidtals översvämmas av vattendraget osv., sank ängsmark, kärräng» (SAOB). Appellativet *mad* f./n. ‘vass-sjuk eng, grasbakke langsmed sjøen’ er òg å finna i målføret i Ytre Østfold (Fredrikstad og Halden, sjå NO 7: 990), som alltid har stått i dialektgeografisk samband med vestsvenske dialekter, jamfør bruksnamnet *Ma* [ma:] på Hjelmungen i Halden og teignamna *Maene* i Halden og *Maet* i Rakkestad (ei myr ved Søndre Boksjø og eit markstykke ved Ertevatnet, SSR). Ei liknande form kan ha funnest i søraustlandske målføre vest for Oslofjorden òg, sidan nokre fåe tilsvarande smånamn finst ved kysten i Aust-Agder. På Flosterøya og Tromøya i Arendal kommune finst det tre stader som heiter *Maet* [²ma:ə] (eitt av dei registrert som *Mae(id)* i SSR) og tre som heiter *Maen* [²ma:ən] (flt.), alle er flate jorde eller slåttemarker i strandkanten (UiB).

Dessutan finst det fleire nærskylde former i vestgermansk, jamfør mellomhøgtysk *mate*, gamalengelsk *māed*, gamalfrisisk *mēde* og mellomnederlandsk *māde/mēde*. Desse har meir generelt tydingsinnhald enn dei austnordiske formene og tyder stort sett ‘eng’, ‘slått’ eller ‘slege gras’ (alemansk *Matte* < mht. *mate* tyder ‘fjellbeite’ i Alpane, særskilt i Sveits). Alle formene kan likevel først attende til den germanske verbalrota **mēan* ‘skjera, klippa (gras)’, endå om dei er utvikla or ulike opphavlege avljodssteg (sjå Kroonen 2013: 367).

Dei austnordiske belegga lagde fram ovanfor føreset klårt hokjønnsforma **madu* i unordisk, som tilseier forma **mqð* f. i vestnordisk. Eg reknar difor med at **mqð* f. eksisterte, og analysen vil fokusera på om dei einskilde vestnordiske namna faktisk går attende til denne forma. Tydingstilhovet mellom dei nærskylde formene i austnordisk og vestgermansk tyder dessutan på at det semantiske utgangspunktet for analysen av dei vestnordiske namneformene bør vera ‘(slåtte)eng’ eller liknande, medan tydinga ‘våtlandt eng’ ser ut til å vera ei særleg austnordisk utvikling. Dei norske namnebelegga lagde fram i innleiinga peikar òg på at ein bør operera med to grunnformer med ulik vokalisme: ei omlydd form **mqð* og ei ikkje-

omlydd form **mað*. Spesifikt vil eg diskutera tre ulike bøyingsformer med bakgrunn i eldre skriftformer av dei norske stadnamna: **mǫðvar* (nominativ/akkusativ fleirtal), **mǫðum* (dativ fleirtal) og ei yngre (seingamalnorsk) form **maðir* (nominativ/akkusativ fleirtal).

3 Dei einskilde namnemiljøa

Det forsvunne gardsnamnet *Moduar* (normalisert *Mǫðvar*) frå Luster i Sogn er det einaste mellomalderbelegget på **mǫð* f. og vart nytta i eit vitnesbyrd frå 1322 (DN II nr. 146). Folk frå garden Ottom hadde leitt husdyra sine i «veggen j Vbdale ok vm Moduar», men Ottom hadde ingen bufars- og kløvjerrett om nokon av stadene med mindre det låg snø på *Lǫðu* (fjellstølen *Lø*, sjå fig.1). Namnet *Vbdale* (normalisert *Uppdal*) er ogso tapt, men kjeldene talar for ei tolking som gamalt namn på Dalsdalen, det vil seia det øvre dalføret i motsetjing til fjordbygda Dale. I same diplommet les ein om stølane *Marstakka* og *Geilgiusætre* (forsvunne i dag), som ogso låg i Uppdal. *Marstakka* låg truleg i Ringabotnen, eit stykke vest for *Lø* (Øyane 1986: 39), og dette kan kanskje tyda at *Uppdal* var nytta spesifikt om sidedalen opp til *Lø* og Ringabotnen. Namnet vart nytta igjen i 1664 om vårstølen til fleire gardar i Dale, og i 1845 vart ein liten teig i nedre Dalsdalen notert som *Oppdalsøygarden* (Øyane 1986: 298, kalla *Kyrkjeteigen* i dag, SSR). *Mǫðvar* er derimot ikkje nemnt etter 1322, og dette kan peika på at namnreferansen var mindre viktig i kulturlandskapet og gjekk raskare i gløymsla.¹ Namnet *Øygarden* er elles nytta om fleire gardsbruk i nedre Dalsdalen (Øyane 1986: 874–875):² *Mǫðvar* kan ha lege omtrent her, ei rimeleg plassering med tanke på buføringa til *Lǫðu/Lø*. Ei slik lokalisering kan gie førebelse indikasjonar om funksjonen til **mǫð* f. i stadnamn, som kan sjå ut til å ha vorte nytta i utmarksnamn underordna eldre og meir sentrale gardar i bygda. I diplommet frå 1322 les ein nemleg at Ottom-folka hadde fått lov frå *dalsmenn* til å føra bølingen sin til stølen *Marstakka*, og i eit diplom frå

1 NG 13: 97 nemner fjellnamnet *Modvanåsi* i Luster, men denne forma er ikkje kjend og ikkje nytta annanstad. Etter alt å døma er dette eit mistak, truleg er det snakk om *Modvanipa* på Hafslø i same kommunen.

2 Her med tydinga ‘øydegard’ som på Vestlandet elles (NSL: 508). Gardsnamn danna med *øy* f. ‘låglande langs vatn’ er vanlegvis usamansette i Sogn, jf. Øyane (ved elva) kontra *Øygarden* (midtlies) i Fortunsdalen i Luster.



Figur 1: Garden Ottom og Dalsdalen i Luster med kyrkjestaden Dale, grenda Øygarden og fjellstolen Lø. Utsnitt frå norgeskart.no, mine markeringar (20.12.2023).

1324 om same saka (DN I nr. 174) vart det avgjort at dei ikkje skulle ha dyra sine «i Vppdall huarke a Marstackum ne Gæliu sætre». I staden skulle dei reisa med buskapen over *dalsmannateigar* «bæde vm Vpdal ok annanstad». Gardane på austsida av dalen vart truleg utskilde frå Ottom, medan dei på vestsida frå Dale (eventuelt Bringes, som ikkje er nemnd i saka om Uppdal, sjå fig. 1). Difor kan *Mqðvar* i Dalsdalen ha høyrte under Dale, som elles ser ut til å ha ått storparten av *Uppdal*. Dessutan vart Dale kyrkjestad i 1250 og namngav skipreida i Luster, noko som tyder på at han var ein storgard ogso i førhistorisk tid.

Maude [²mæu:de] er ein strandgard på nordsida av Norangsfjorden på Sunnmøre. Namnet har ikkje eldre belegg enn *Moued* frå 1603, men namnemiljøet kring garden er særmerkt av dei urgamle gardsnamna *Urke*

og *Norang*, tolka høvesvis som svak sideform av elvenamnet **Ork* ‘den drivande’ og **Nórangr* ‘trong fjord’ (NG 13: 96–97). Den usamansette forma *Urke* lyt vera eldst, og truleg busetnaden der òg. Det er rimeleg å rekna med at Maude var funksjonelt underordna Urke, som ligg nærast og kanskje åtte den ytste delen av Norangsfjorden, medan norangsfolka brukte Norangsdalen. Dette tilhøvet ser ut til å ha vart heilt til vår tid, ettersom folka i Maude «alltid har kjent seg knytte til» Urke og har sokna dit når det galdt skule og anna (Strømme & Sandal 1988: 206–207). Med tanke på namnemiljøet i Dalsdalen i Luster kan stoda i Norangsfjorden òg tala for at **mōð* var nytta som ledd i førhistoriske utmarksnamn.

Garden *Maum* [mœum] ligg på ein stor elveflate i Meldal i midtre Orkdalen og vart skrive både *Madum* og *Modum* i 1590 (NG 14: 159). I grannelaget ligg gardar med eldgamle namn som *Re* (kanskje ei avljodsform til gno. *rōð* f. ‘ra/grusrygg; rad’) og *Snoen* (truleg < **snjóvin*), noko som kan tala for at denne lokaliteten òg opphavleg var utmark til ein førhistorisk storgard. Det er uråd å seia kva for gard, men Maum ligg berre ein dryg kilometer frå *Re*, noko som kan peika på denne siste som opphavsgard i nærområdet. I fyrstninga kan also *Maum* ha vore nytta om heile den markerte øyra der Orkla buktar seg rett nordanfor *Re*.

Modvo [²mōdvø] eller [²mōdvø] er ei stølsgrend som ligg mellom bygdene Ytre og Indre Hafslo i Luster kommune i Sogn. Mange kallar staden for *Heggmyrane* etter adressa til eit skisenter der, men dette namnet viste opphavelg til dei myrlendte flatane i dalbotnen på staden (sjå fig. 2). Det finst ingen eldre belegg på *Modvo*, men namnemiljøet kring staden ber preg av at dette namnet vart mykje nytta før, blant anna i samansetjingane *Modvatrødene*,³ *Modvaberget*, *Modvavarden*, *Modvanipa* og *Modvagrovi*. Lægjet til lokaliteten på Hafslo talar for liknande bruks-tilhøve som mellom *Maum* og *Re* i Orkdalen og mellom *Maude* og *Urke* på Sunnmøre, sidan *Modvo* ser ut til å ha vore knytt til garden *Solvi* (< **Solvin* eller **Sōlvin*, sjå NG 12: 42), sjå fig. 2. Denne garden vart bureist i eldre jernalder og er ein av opphavsgardane på Ytre Hafslo, med fast busetnad jamvel i øydetida etter svartedauden (Joranger & Øyane 2013: 545). *Solvi* har hopehav både i inn- og utmarka og på stølane med gardane

3 *Modvatrene* i SSR. Båe normeringane or talemålsforma [¹tre:dn̥] (analogisk til einstava hokjønnsord med utljod på trykksterk, lang vokal som *tå* f. → [¹te:dn̥] ‘tærne’), brukt i fleire stadnamn ved sida av eldre [¹tre:i].



Figur 2: Gardane Solvi, Haugo og Sætre med stølen Modvo på Ytre Hafslo i Luster. Utsnitt frå norgeskart.no, mine markeringar (20.12.2023).

Haugo, Sætre og Nygard, noko som tyder på at desse siste vart utskilde frå Solvi. Det er altså sannsynleg at Modvo opphavleg høyrde under Solvi.

Garden *Majer* [ˈmaːjer] ligg i Lensbygda på Østre Toten, dessutan var det same namnet nytta om ein øydegard og husmannsplass under Omdal (< gno. *Almdalr*) i Skien, no forsvunnen (NG 7: 159; Gjone 1962: 632). Majer på Toten vart skrivne *Meyer* og *Mader* kring 1520 og ligg ved ei øyr mellom to elvar, noko som høver med lægjet til garden *Maum* i Orkdalen og den tenkte lokaliseringa av *Mjøðvar* i Luster. Opphavsgarden til Majer kan ha vore ein av dei mange storgardane med namnebelegg frå mellomalderen som ligg i nærleiken, til dømes *Skjefstad*, *Lunde* eller

Håjen (sjå NG 4: 80). Lægjet til husmannsplassen Majer under Omdal (fyrst belagt som *Mayer* i 1665) er umogeleg å avgjera i dag, men Omdal er mest truleg opphavsgard i Dalsbygda i Skien, ei grend ved sørenden av Norsjø (Gjone 1962: 625–626). Landskapstillhøva er altså laglege for ei tolking som utmark til ein eldre storgard her òg.

Garden *Maberg* [²mɑːbɔ̃ʁ] eller [²mɑːbɔ̃ʁ] (skrive sameleis i 1594) ligg på Lista i Farsund kommune mellom ei vid myr og *Mabergåsen*. Etterlekken *-berg* i gardsnamnet viser truleg til denne åsen, og herifrå er det kort og lettgjengd veg til grannegarden *Ore* (< *ǫlr* m. ‘or’ + *vin* f., sjå NG 9: 198). Det er ikkje urimeleg å tenkja seg at folka på Ore opphavleg kalla flatane ved myra med eit usamansett namn laga til **mǫð* f., medan *Maberg* sannsynlegvis var namnet på sjølve åsen. Namna til garden og åsen i dag ser altså ut til å vera resultat av fleire metonymiske forskyvingar.

Namnet *Mausund* [¹mœʊsʊŋ] vart skrive *Moswundh* rundt 1520 og *Møysund* i 1559 (NG 14: 61). I dag er det nytta om både heile den vesle øygruppa like nord for Frøya i Trøndelag og tettstaden der, som tidlegare var underordna større gardar på Frøya som Strømøya og prestegarden. Det opphavlege namneobjektet var sundet mellom Måøya og Gårdsøya, og til skilnad frå *Maberg* er det ikkje råd å identifisera noko opphavleg namneobjekt for førelekken *Mau-* som ville lege til grunn for ei seinare samansetjing med *sund* n. Dette tyder kanskje på at sundet alltid har hatt eit samansett namn knytt til låglendet ikring. Dette er uråd å etterprøva, men ikkje usannsynleg når sjølve sundet er det mest særmerkte landskapselementet på staden.⁴

Tjørnene *Majer* [²majɛr] og *Meitjenn* [²mɛiɕøn] ligg i Grenland, den eine mellom Skien og Drangedal og hi mellom Skien og Siljan. *Meitjenn* har belegga *Majer kiøn*, *Majer kien* og *Maj Kiend* frå 1748 (Venås 2002: 267, 270), men elles er desse namna uråd å tidfesta. Likevel har dei referansar som er tydeleg knytte til vatn og låglende kring det, noko som kan tala for liknande vilkår for namngjeving som for *Mausund*.

4 Førelekken *Må-* i øynamnet *Måøya* har ikkje samanheng med **mǫð*, men er truleg gno. *már* m. ‘måse’ (NSL: 322). Store delar av Måøya er rettnok flate og myrlendte, men dette er typisk for flestalle øyane i Mausund og står soleis ikkje fram som noko særmerke for Måøya.

4 Fonologiske og morfologiske sider ved gno. **mōð* f.

Nominativ- og akkusativforma **mōvðar* er klårt belagt i diplomet frå 1322 frå Luster. Ho er mest truleg å finna i *Maude* [²mæ:de] òg, og Karl Rygh meinte at diftongen i dette namnet kom frå omkasting av konsnantsambandet -ðv- til **Mōvðar* (NG 13: 97). Dette verkar sannsynleg ut frå liknande døme på omkasting i sunnmørsk som *vovde* m. < gno. *vōðvi* ‘tjukk muskel’ (NO 12: 1212). Både dette ljodlege tilhøvet i *Maude* og akkusativfrasen «um Moduar» frå dei mellomalderske kjeldene peikar vidare på at v-innljoden er nedervd i desse formene, noko som tilseier at **madwō*- f. ‘(slätte)eng’ må ha vore den opphavlege germanske stamma (sjå Kroonen 2013: 367). Då kan ein avvisa Rygh sin merknad om *Maude* om at «[f]ormelt muligt og fuldt saa godt stemmende med de ældre Skriftformer vilde det dog være at formode opr. *Mōðvin» (NG 13: 97). Dette namnet kan lettare tolkast som resultat av regelviss utvikling av simpleksforma **mōðvar* i sunnmørsk, dessutan er tydingsinnhaldet i dei etymologisk nærskylde formene til **mōð* f. (‘eng; slått’) ikkje lagleg for ei samansetjing med gno. *vin* f. ‘eng, beite’.

Dativforma **mōðum* er trygt rekonstruert ut frå *Maum* [mœum] og skriftformene *Modum* og *Madum* frå 1500-talet (Hårstad & Berg 2021: 111–112). Den same bøyingsforma er tydeleg overlevert i *Modvo* [²mōdvō], der v-innljoden føre dativendinga truleg er resultat av analogisk paradigmeutjamning etter hine bøyingsformene. Dette er ei kjend ovring hjå andre leksem utvikla frå germanske *wō*-stammer, til dømes gno. *stōð* f. ‘stø’, nom./akk. flt. *stōðvar*, men dat. flt. *stōðum* > nyislandsk *stöð* f., nom./akk. flt. *stöðvar* og dat. flt. *stöðvum*. Utjamninga kan ha vorte støtt av forma **mōðva* (gen. flt.), berre kjend som førelekk i samansetjing i dag (*Modva*-), men sannsynlegvis nytta etter preposisjonen *til* fram til vår tid.⁵

Formene med /a/ som rotvokal vitnar truleg om ei seingamalnorsk bøyingsform. På grunnlag av *Majer* [²ma:jer] og skrivemåten *Mader* frå 1500-talet rekonstruerte Albert Kjær nom./akk. flt. **maðir*, med seinare *j*-innskot for å skilja vokalane etter ð-bortfallet. Den same forma la han

5 Kasus er heilt forsvunnen i talemålet i Luster, men mangt eit busetnadsnamn har preposisjonsstyrte kasusformer den dag i dag. Jamfør matrikkelnamna *Joranger* [²jø:røŋgʊ] og *Josvanger* [²jøsʋøŋgʊ] på Indre Hafslo, som vart noterte i 1919 med både dativforma og ei genitivform på -a styrd av preposisjonen *til* (NG 12: 29, 34).

til grunn for *Maberg* [²ma:bæŋ], men her er gen. eint. **maðar* eller gen. flt. **maða* vel so sannsynlege som førelekkar. *Mausund* [¹møusn] vart ikkje tolka i NG (14: 61), men Ola Stemshaug tenkte seg ei uomlydd form **mað* f. ‘våt eng’ (NSL: 308). Skriftformene *Moswndh* og *Møysundt* frå 1500-talet talar heller for den omlydde forma **mǫð* ut frå diftongering av *ǫ* /ɔ/ til /au/ føre *ð*, ei utvikling som er velkjend i både trøndersk og norsk elles (jamfør dei mange namna på *Mau*- laga til plantenemnet *maure* m./f., frå den oblike forma *mǫðru* av gno. *maðra* f., sjå NO 7: 1203 og NG 10: 57).

Den omljodslause forma **mað* lyt likevel ikkje vera yngre enn **mǫð*, og ho peikar ikkje naudsynt på påverknad eller lån frå austnordisk etter mellomalderen. Appellativet **mǫð* f. ser nemleg ut til å ha vorte uproductivt før hovudperioden for nedskrivninga av gamalnorske kjelder på 1200- og 1300-talet. Slik skulle ein venta at stadnamna stod att med rotvokal /ɔ/ som relik, ikkje at ei ny form med /a/ vart lånt austanfrå før ordet vart uproductivt. Samstundes tyder namnebelegga frå Toten, Grenland og Lista på relativt gamle former med /a/. Ei forklaring kan vera at *u*-omljoden ikkje nådde so langt aust når det galdt nett dette leksemet, sidan han var ein vestleg innovasjon som ser ut til å ha fylgt eigne leksikalske isoglossar framfor allmenne fonemgrenser i gamalnorsk (Widmark 1959). Her kan ein ogso trekkja inn dei grenlandske inn-sjønamna *Majer* og *Meitjenn*, og vidare kan desse setjast i samband med formene *Maet* og *Maen* frå Arendal (sjå del 2), ettersom kystdialektene i Aust-Agder har hopehav med talemåla i Grenland og kring Oslofjorden.⁶ Når ein dessutan tek med appellativet *mad* f./n. heimla i Ytre Østfold og namna laga til det, stemmer dette synet overeins med at dei søraustlandske kystmåla medrekna dialektene i Båhuslen har vorte sett på som overgangsvaretetar som alt i gamalnorsk hadde mykje sams utvikling med austnordisk (Schulte 2002: 890).

Slik kan namna med /a/ som rotvokal tolkast som regelrette utviklingar av urn. **madu* i tråd med det sams fonologiske grunnlaget i

6 Det eine teignamnet *Maet* [²ma:ə] på Flosterøya vart registrert i Heradsregisteret i 1958 med den alternative uttalen [²maʊ:a] og ein merknad om at «[u]ttalen med diftong brukes blant eldre, de yngre kjenner knapt ordet eller vet hva det betyr.» (UiB). Denne uttalen kunne rettnok spegla den omlydde forma **mǫð*, men dette kan aldri verta sikkert når hine egdske formene har [a:] som rotvokal og ein manglar eldre skriftformer å samanlikna med.

søraustlandsk og austnordisk. I eit dialektgeografisk perspektiv kan desse formene gje ein peikepinn om at grensa mellom **mōð* og **mað* gjekk vest for kyststroka i Aust-Agder og nord for Toten ein stad, sidan dei trønderske belegga heller peikar på /ɔ/ som opphavleg rotvokal. Dette ser ut til å harmonera med isoglossane for realiseringa av *u*-omljod hjå andre appellativ i gamalnorsk, særskilt opphavlege sterke feminine *ō*-stammer (til dømes *mōn* ‘man’ og *tōnn* ‘tann’) og *wō*-stammer (Widmark 1959: 25–168 og 255–282).

5 Tydingsutvikling hjå gno. **mōð* f.

Mange *mōð*-stader er kjenneteikna av å ha fast busetnad og funksjonelt like namnreferansar frå eit historisk synspunkt, men det har aldri vore kontinuerleg busetnad på korkje *Modvo* på Hafslo i Luster, *Majer* i Skien eller *Mōðvar* i Dale i Luster. Difor har ein ikkje grunnlag for å rekna desse formene som primære busetnadsnamn trass den vedvarande menneskelege påverknaden på stadene. Dei fleste lokalitetane ligg dessutan utanfor bygdesentruma, men innanfor valdet til ein førhistorisk storgard, som dei kan ha vorte skilde ut ifrå på eit seinare tidspunkt. Alle **mōð*-namna viser klårt til referansane i landskapet og er heilt einstaka i namnemiljøet, ettersom ingenting synest å peika på påverknad frå andre former (med unntak av *Maberg*). Grunnlaget for namngjevinga tykkjest difor vera knytt til den fysiske lokaliteten. Lægjet til namneobjekta høver stort sett med tydinga ‘eng ved vatn; våtlendt eng’ til dei nærskylde austnordiske formene: *Modvo* ligg ved Heggmyrane på Hafslo, *Mōðvar* låg truleg ved elveflatane nedst i Dalsdalen i Luster, *Maude* ligg ved Norangsfjorden, *Maum* ligg rett ved Orkla, *Mausund* ligg ved eit sund mellom to øyar, *Maberg* ligg ved ei myr og begge *Majer*-stadene ligg ved kvar sine vassdrag. Likevel meiner eg at dette kan vera ei seinare tydingsutviding: Grasmark ved vassdrag kan ofte vera sumpete eller tidvis fløyma over, og generelt er dei beste slåttemarkene nettopp sokalla øyar, engsletter langs elvar og innsjøar. Tydingsutvidinga av dei austnordiske appellativa kan ha vore ‘eng’ > ‘eng ved eit vassdrag’ > ‘våtlendt eng’. Ei slik utvikling høver derimot ikkje for alle namneobjekta i Noreg, til dømes garden *Maude*: Fjorden kan ikkje vera årsak til flaum, og garden ligg i skrånande lende, som garanterer god drenering.

Dei eldste belegga for gamaldansk *math* og gamalsvensk *maþ* er frå

midt på 1200-talet (sjå del 2): Det er umogeleg å avgjera om tilleggs-tydinga ‘våtlennt eng’ utvikla seg før høgmellomalderen, då appellativet truleg var produktivt i vestnordisk. Eg ser ikkje vekk frå at ho kan ha funnest tidleg i høgmellomalderen òg, og *Mausund* ser ut til å gå attende til eit primært teignamn med eit liknande tydingsinnhald. I so fall står dette siste namnet fram som ei mogeleg yngre form til liks med dei grenlandske innsjønamna *Majer* og *Meitjenn*, som er tydelege bevis på utviklinga mot tydinga ‘våtlennt eng’. Lægjet til dei andre namneobjekta peikar derimot på ei etymologisk konservativ tyding, helst ‘slåtteeng’, både når det gjeld reint topografiske tilhøve på stadene og funksjonelle tilhøve mellom **mōð*-stader og førhistoriske storgardar i nærleiken. Einast namnemiljøa i Skien og på Toten vert usikre, sidan dei historiske eigedomstilhøva og busetjingsmønstera på stadene skil seg sopass mykje frå hine lokalitetane at det vert uråd å fastslå noko om dei. Landskaps-tilhøva på stadene talar iallfall ikkje mot ei tolking på grunnlag av **mōð* f. ‘slåtteeng’.

Ein kan so lura på kvifor den vestnordiske forma vart uproduktiv, og korleis tydingsutviklinga i austnordisk gjekk føre seg etter dette. Eg ser føre meg ein kombinasjon av tre faktorar: utkonkurrering, svekking ved proprialisering og mangel på eit verbalt motsvar. **Mōð* kan ha vorte trengt ut av andre, meir produktive nemningar for grasmark, fyrst og fremst *eng* f. Gno. *engjar* (plurale tantum) hadde både kollektiv tyding og den semantiske føremonen at det viste til grasmark utan noko særskilt fokus (Bjorvand & Lindeman 2019: 250). **Mōð* hadde derimot eit (sannsynleg) trongare semantisk innhald knytt til slått og innhausting av gras. Dette gjorde kanskje *eng* f. lettare å ty til både appellativisk og i stadnamn. Gno. *vin* f. i primærttydinga ‘eng, beite’ (NorrO: 729; NSL: 493) reknar eg ikkje som ein aktuell konkurrent. Sameleis som **mōð* var *vin* produktivt før år 1000, men ukjent i høgmellomalderen, og den sterke propriumskaraktaren til *vin*-namna med den fylgjande viktige rolla til *vin* f. som stadnamnelement kan ha medverka til svekking av appellativet i ordtilfanget til språkbrukarane. I tillegg kan **mōð*-namna ha vore primære teignamn underordna eldre storgardar med meir proprial stadnamn, til dømes laga til *vin* f. Formene ville då opptre i namnelandskapet i tilnærma komplementær distribusjon (jf. drøftinga av forma *Maude* i del 4).⁷

7 Tradisjonelt har *vin* f. vorte sett i samband med gno. *vinr* m. ‘ven’ og *una* v. ‘trivast’,

Dessutan kan det sjå ut til at dei austnordiske formene avløyste gno. *ey* f. i tydinga ‘flatt land attmed vatn eller elv’ (NorrO: 140). *Ey* f. (< urn. **auju*) er i seg sjølv ei eldre avleiing av *á* f. ‘å, elv’ (< urn. **ahwu*), som opphavelig kunne uttrykkja tilhøyrsløse (Bjorvand & Lindeman 2019: 1540, 1542; Kroonen 2013: 7, 41). Dette gamle tydingsinnhaldet er bevart i vestnordisk, slik at nyislandsk *ey* og nynorsk *øy* framleis kan tyda ‘eng eller låglende langs vatn’, særskilt i stadnamn (NSL: 507–508, med motsvar utanom Skandinavia, jf. tysk *Aue* < gamalhøgtysk *ouwa* ‘(fuktig) eng ved vatn; *øy* i elv’). På hi sida har dansk *ø* og svensk *ö* ikkje bevart ei slik tyding, og **mōð* f. kan ha avløyst dei og fått nytt liv austpå, medan vestpå vart det konkurrert ut av *øy* f. Utviklinga kan samanfata soleis:

- **mōð* i vestnordisk: ‘slåtteeng’ > ‘slåtteeng (ved vatn)’ > †
- **mōð* i austnordisk: ‘slåtteeng’ > ‘slåtteeng (ved vatn)’ > ‘eng ved vatn’ > ‘våtlandt eng’

**Mōð* f. kan også ha vorte råka av den same svekkinga som appellativet *vin* f. truleg gjekk gjennom som fylgje av sin spesifikke funksjon i stadnamn. *Vin* f. er mykje vanlegare i stadnamn enn **mōð* f., men dette motseier ikkje påstanden om at tidleg proprialisering aukar sjansen for bortfall av det appellativiske motsvaret. Det trongare tydingsinnhaldet som avgrensa brukspotensialet til **mōð*-formene, kan ha gjort dei semantisk vanskelegare å ty til som appellativ enn til dømes *engjar* f. flt. og *ey* f., og samstundes mindre brukande i stadnamn enn *vin* f. eller liknande leksem. Dette tilhøvet skapte soleis eit mykje redusert bruksområde. Ved eit slikt avgrensa bruksområde kan ei større klyngje med etymologisk skyldte former hjelpa med å halda dei enkelte orda ved like i ordtilfanget til talarane. Den germanske verbalrota **mēan* gav eigne produkt i dei vestgermanske måla, og i dag utgjer dei semantiske par med dei tilsvarande substantiva: engelsk *meadow* + *mow*; tysk *Mahd* og *Matte*

men det har òg vorte argumentert for at germ. **winjō-* f. > gno. *vin* f. kan koma or den same rota som germ. **wajjuz* m. > gno. *vegr* m. (eigentleg ‘vegg av flettverk’, sjå Bjorvand & Lindeman 2019: 1438) og difor vera eit primært kulturnemne med tydinga ‘gjerding’, seinare reanalysert metonymisk til ‘inngjerdt jordstykke’ (de Vries 1977: 664; Snædal 2016: 101–104). Dette endrar likevel ikkje det semantiske og pragmatiske tilhøvet mellom *vin* f. og **mōð* f., som ikkje står fram som aktuelle konkurranter som ledd i førhistoriske stadnamn.

+ *mähen*; nederlandsk *made* + *maaien*. Dette skjedde ikkje i nordisk, sidan arveordet *slå* alltid har vore det vanlege verbet for å uttrykkja denne handlinga (verbet *meia* vart lånt frå lågtysk i seinmellomalderen).

På grunnlag av desse vurderingane kan ein freista å setja opp ein relativ kronologi for **mǫð* f. som ledd i stadnamn i to delar. *Vin*-namn og usamansette naturnamn synest å ha vore overordna fleire *mǫð*-stader i kultur- og namnelandskapet, difor kan dei eldste **mǫð*-namna ha vorte til under den produktive perioden for det eldste sjiktet i busetnadsnamn i Noreg (fram til om lag år 800). Dette gjeld namn som *Maum* i Orkdalen, *Maude* på Sunnmøre og *Modvo* og **Mǫðvar* i Sogn, som helst tyder ‘slåtteeng’. Former som *Mausund* i Trøndelag og innsjønamna i Grenland har eit tydingsinnhald meir i retning av ‘våtlennt eng’ og ser difor ut til å vera yngre. Dei kan ha vorte til i vikingtida eller tidleg i høgmellomalderen, særskilt med tanke på at den same semantiske forskyvinga alt hadde resultert i eit fullkome tydingsskifte i austnordisk på 1200-talet, då dei eldste gamaldanske og gamalsvenske belegga vart skrivne ned. Likevel tilseier mangelen på skriftlege belegg at vestnordisk **mǫð* f. (eventuelt ikkje-omlydd **mað* f.) ikkje var produktivt under den store nedskrivingstida på 1200- og 1300-talet. Soleis kan ein tenkja seg at forma truleg hadde ei svekt stilling i det gamalnorske ordtilfanget allereie i slutten av vikingtida og var mest gløymt i slutten av 1100-åra. Dei få smånamna laga til appellativet *mad* f./n. kan kanskje sjå ut til å tala mot dette, men dei er enkelt forklarte ut frå det historiske hopehavet mellom søraustlandske og vestsvenske talemål (sjå utgreininga i del 4).

Ein bør altso rekna med ein overgangperiode då **mǫð* f. kunne uttrykkja tydingane ‘slåtteeng’ og ‘våtlennt eng’ i like stor grad, men det er uråd å avgjera kva for konkrete språkbruksdynamikkar som styrte valet av den eine eller den andre tydinga. Denne perioden kan truleg setjast nær tida då **mǫð* f. slutta å vera produktivt som eige leksem, ettersom den byrjande tydingsforskyvinga i vestnordisk ikkje ser ut til å ha nått so langt som i austnordisk. Elles er det uråd å avgjera om **mǫð* f. nokon gong var meir produktiv som appellativ enn som ledd i stadnamn, og eventuelt når. Ein kan spekulera på om denne perioden kan overlappa med den eldste produktive tida som stadnamnledd, altso då proprialiseringa endå ikkje var fullført, og namna kunne oppfatta som appellativiske frasar. I so fall vart **mǫð* f. truleg oppfatta som eitt blant fleire synonyme nemne for grasmark som *engjar* f. flt., *vin* f., *ló* f./n., *fit* f. og so bortetter.

6 Fanst avleiinga **mæði* n.?

Ei hypotetisk avljodsform til **mōð* f. er kanskje å finna i gardsnamnet *Vidme* [²vidme] (og eldre [²vbme]) frå Aurland i Sogn, fyrst belagt som *vinmæde* rundt 1350 (BK: 222). Albert Kjær tolka *-mæde* som bøyingsform av gno. **mæði*, ei «Afledning af Intetkjon paa -i af et Ord, som har svaret til tydsk Mahd f., angelsachsisk mæþ n. [...]» (NG 12: 116). Formelt er dette ikkje umogeleg, og det ville føresett urn. **māþija* > gno. **mæði* n. Ordparet **mōð* f. ~ **mæði* n. ville soleis svara formelt til *trōð* f. (< urn. **tradu*) og **træði* n. (< urn. **trādija*), overleverte i nyno. *trød* f. ‘stad der det er mykje trakking; kve’ og *træde* n. ‘inngjerdt jordstykke, særleg for fe; brakkmark’ (NO 11: 1193, 1276). Desse siste er velkjende stadnamnledd i Noreg, noko som kunne peikt på liknande tydings- og brukstilhøve hjå ordparet **mōð* ~ **mæði*. Formelt er det ogso like mogeleg at **mæði* kunne svara til dei nærskylde vestgermanske formene utvikla frå det germanske avljodssteget **mēdwō* f. heller enn **madwō* f. (sjå Kroonen 2013: 367).

Begge tolkingane er svært usikre, men fleire har rekna namna *Geisme*, *Gudmedalen* og *Høme* i nærmiljøet til *Vidme* som bevis på at gno. **mæði* n. faktisk fanst. George Flom (1944) tolka fyrst *Vidme* og *Geisme* som ‘vidt beite’ og ‘geitebeite’. Anders Ohnstad (1962: 199–200) tolka *Vidme*, *Geisme* og *Gudmedalen* som ‘vidt beite’, ‘beite der fossegevø geisar opp’ og ‘godt beite’, medan Svein Indrelid (2009: 774) refererte til eit forslag av Arne Brekke om eit sams opphav for desse formene «som kan ha noko med slått og slåttemark å gjera».

Når det gjeld gardsnamnet *Geisme* [²jaisme], rekna Flom med ei feilskrivning i mellomalderbelegget *geirsmid* (BK: 220) og tolka namnet som gno. **geitsmæði* ‘geitebeite’ ut frå mellomnorske belegg med *d*-innskot. Likevel er førelekken **geits-* usannsynleg, sidan *s*-fugesamansetjing berre kunne ha oppstått etter kasusutjamninga i mellomnorsk (Særheim & Kruken 2018: 306). Her skulle ein heller venta den regelbundne gen. flt. *geita* som førelekk. Tolkinga til Albert Kjær som **geirsmiðr* ‘spjutsmed’ (NG 12: 116) er derimot ljodleg og formelt uproblematisk og soleis mykje rimelegare. Førelekken *Gudme-* i stølsnamnet *Gudmedalen* [²gudme, da:lɿ] tyder neppe ‘godt beite’, men er kanskje ei redusert form av mannsnamnet *Gudmund* (jf. *Gudmestad* [²gudmest] i Rogaland, sjå NG 10: 109), noko som òg er underbygt av opplysingar frå eldre lokalfolk registrerte i Heradsregisteret (UiB). Teignamnet *Høme* [²hø:me] i innmarka på garden

Dalsbotn er svært dunkelt og heilt ubelagt, og det ikkje eingong råd å avgjera om det er samansett eller usamansett. Kor som er, korkje *Vidme*, *Geisme*, *Gudmedalen* eller *Høme* ser ut til å kunna nyttast som bevis på det tenkte gno. **mæði* n.

7 Avrunding

Resultata av analysen syner tydeleg at dei norske namneformene som er gjennomgatte i denne artikkelen, går attende til gamalnorsk **mōð* f. (eventuelt **mað* f.). Lægjet til namneobjekta til dei eldste formene – ofte underordna eldre og større gardar i nærleiken – peikar på at grunntydninga var ‘slåtteeeng’ til skilnad frå tilsvarande gamalsvensk *maþ* og gamaldansk *math* ‘våtlennt eng’. Dei mange nærskyldte formene i andre germanske mål gjev indikasjonar om at **mōð* f. kan ha vore eit allment appellativ i ein tidleg fase, og dei austnordiske formene tilseier at resultat av urn. **madu* (< germ. **madwō-*, laga til **mēan* v. ‘klippa gras’) kan ha vore tilnærma like vanlege i tidleg gamalnorsk òg. Dessutan ser det ut til å ha skjett ei tydingsforskyving rundt år 1000, slik at ogso dei vestnordiske formene byrja å kunna tyda ‘eng ved vatn’ og truleg byrja å utvikla seg i den same semantiske retninga som sidan 1200-talet har golde i austnordisk. Denne utviklinga kan observerast hjå dei namneformene som nokso sikkert kjenneteiknar lokalitetar ved vassdrag (gardsnamnet *Mausund* i Trøndelag og innsjønamna *Majer* og *Meitjenn* i Grenland). Dette føreset ein periode når den etymologisk konservative tydinga ‘slåtteeeng’ og den yngre utviklinga ‘våtlennt eng’ fanst samstundes, kanskje ved overgangen til høgmellomalderen. Trass i at vestnordisk **mōð* f. heller tidleg slutta å vera produktivt, ymtar resultata frå denne studien om at det kan ha vore vanlegare som ledd i norske stadnamn enn det dei belagde formene tilseier. Den avgrensa utbreiinga av namna laga til **mōð* f. skuldast kanskje at ein vanlegvis har sett på relativt godt dokumenterte busetnadsnamn. Difor er det ynskeleg med meir vidfemnande studiar av denne namnetypen, helst med bakgrunn i større namnemateriale og med fokus på lokale smånamn òg. Den påståtte avleiinga **mæði* n. (rekonstruert på grunnlag av mellomalderbelegget *vínmaede*) viser derimot seg å vera formelt mogeleg, men empirisk og metodisk tvilsam. Spørsmålet om den formale analysen av samansetjinga *vínmaede* lyt soleis stå ope.

Litteratur og kjelder

- Bjorvand, Harald & Fredrik O. Lindeman. 2019. *Våre arveord*. 3. utg. Oslo: Novus forlag.
- BK = *Bergens Kalvskinn*, utg. av Ole-Jørgen Johannesen. Oslo: Riksarkivet, 2016.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum*, bind 1–23. Universitetet i Oslo: Dokumentasjonsprosjektet, 2016.
https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html
- Flom, George T. 1944. On some Habitation Names in Aurland Parish, Sogn, Norway. *The Journal of English and Germanic Philology* 43: 57–70.
- GDO = *Gammeldansk Ordbog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab (u.å.). <https://gammeldanskordbog.dk/ordbog?query=math> (lese 20.03.2024).
- Gjone, Toralf. 1962. *Solum bygs historie 2. Gårdshistorie*. Skien: Solum kommune.
- Hoel, Kåre. 2017. *Bustadnavn i Østfold 16. Berg*. Utg. av Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag.
- Hårstad, Stian & Ivar Berg. 2021. *Namn langs Orkla. Namnehistorie frå Orkelsjøen til Orkedalsøren*. Trondheim: Museumsforlaget.
- Indrelid, Svein. 2009. *Aurland bygdebok. Soga om Flåm 2B. Gard og ætt. Frå Dalsbotn til Uppsete*. Aurland: Aurland sogelag.
- Joranger, Terje M. H. & Lars E. Øyane. 2013. *Gards- og ættesoge for Luster kommune 10. Haf slo 2*. Gaupne: Luster kommune.
- Kroonen, Guus. 2013. *Etymological Dictionary of Proto-Germanic*. Leiden: Brill.
- NG 4 = Oluf Rygh. 1902. *Norske Gaardnavne 4. Kristians Amt. Anden halvdel*. Utg. av A. Kjær. Kristiania: Fabritius.
- NG 7 = Oluf Rygh. 1914. *Norske Gaardnavne 7. Bratsberg Amt*. Utg. av A. Kjær. Kristiania: Fabritius.
- NG 9 = Oluf Rygh. 1912. *Norske Gaardnavne 9. Lister og Mandals Amt*. Utg. av A. Kjær. Kristiania: Fabritius.
- NG 12 = Oluf Rygh. 1919. *Norske Gaardnavne 12. Nordre Bergenhus Amt*. Utg. av A. Kjær. Kristiania: Fabritius.
- NG 13 = Oluf Rygh. 1908. *Norske Gaardnavne 13. Romsdals Amt*. Utg. av K. Rygh. Kristiania: Fabritius & sønner.
- NG 14 = Oluf Rygh. 1901. *Norske Gaardnavne 14. Søndre Trondhjems*

Amt. Utg. av K. Rygh. Kristiania: Fabritius.

- NO 7 = Grønvik, Oddrun, Laurits Killingbergtrø, Lars S. Vikør & Dagfinn Worren (red.). 2008. *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet 7. L – mugetuft*. Oslo: Samlaget.
- NO 11 = Grønvik, Oddrun, Helge Gundersen, Lars S. Vikør & Dagfinn Worren (red.). 2013. *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet 11. Stø – tåvrut*. Oslo: Samlaget.
- NO 12 = Grønvik, Oddrun, Helge Gundersen, Lars S. Vikør & Dagfinn Worren (red.). 2016. *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet 12. U – åværig*. Oslo: Samlaget.
- Norgeskart.no. <https://www.norgeskart.no/#!?project=norgeskart>
- NorrO = *Norrøn ordbok*, utg. av Leiv Heggstad, Finn Hødnebo & Erik Simensen. 5. utg. Oslo: Samlaget, 2008.
- NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.). 1997. *Norsk stadnamleksikon*. 4. utg. Oslo: Samlaget.
- ODS = *Ordbog over det danske Sprog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, 1932. <https://ordnet.dk/ods/ordbog?query=made> (lese 20.03.2024)
- Ohnstad, Anders. 1962. *Aurland bygdebok fram til om lag 1920*. Aurland: Sogelaget.
- SAOB = *Svenska Akademiens ordbok*. Lund: Svenska Akademien, 1942. <https://www.saob.se/artikel/?seek=mad&pz=1> (lese 20.03.2024).
- Schulte, Michael. 2002. The phonological system of Old Nordic 1: Old Icelandic and Old Norwegian. I *The Nordic Languages. Volume 1*, red. av Oskar Bandle mfl., 882–895. Berlin: de Gruyter.
- Snædal, Magnús. 2016. Gothic *banja**, *winja* and *sunja*. *Studia Linguistica Universitatis Iagellonicae Cracoviensis* 133/2: 97–108. <https://doi.org/10.4467/20834624SL.16.007.5153>
- SSR = Sentralt stadnamregister. <https://kartverket.no/til-lands/stadnamn>
- Strømme, Lars & Ragnar Sandal. 1988. *Hjørundfjordboka 3. Gard og ætt*. Ørsta: Hjørundfjord bygdeboklag.
- Særheim, Inge & Kristoffer Kruken. 2018. Namn. I *Norsk språkhistorie 2. Praksis*, red. av Brit Mæhlum (hovudred. Helge Sandøy & Agnete Nesse), 257–363. Oslo: Novus.
- Söderwall, Knut F. 1900. *Ordbok öfver svenska medeltids-språket. Andra bandet. Förra hälften. M–T*. Lund: Berlingska boktryckeri- och stilgjuteri-aktiebolaget.

- UiB = Universitetet i Bergen, Språksamlingane: *Stedsnavnarkivet*.
<https://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383>
- Venås, Kjell, 2002. *Norske innsjønamn 4. Telemark fylke*. Oslo: Novus.
- de Vries, Jan. 1977. *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch*. 3. utg. Leiden: Brill.
- Widmark, Gun. 1959. *Det nordiska u-omljudet. En dialektgeografisk undersökning*. Uppsala: Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet.
- Øyane, Lars E. 1986. *Gards- og ættesoge for Luster kommune 2. Dale 1 sokn*. Gaupne: Luster kommune.